


Lindås kommune  
 Postmottak  
 Kvernhusmyrane 20  
 5914 Isdalstø  
[postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no)



## Fornyng og oppgradering av idrettsbana på Ostereidet

**Idrettsbana på Ostereidet, grusbana som ligg mellom barneskulen og ungdomsskulen, treng fornyng og opprusting. I samband med dette ønskjer Eikanger IL og skulane på Ostereidet eit møte med kommunen innan kort tid.**

Bana vart bygd og teken i bruk i 1975 og i dei vel 40 åra som er gått sidan har det berre vore gjort mindre vedlikehald, meste delen utført på dugnad av idrettslaget og noko av kommunen. Bana er no nedsliten og treng fornyng både av løpebana, grusdekket i midten, kastringar og hoppfelt.

Eikanger idrettslaga og skulane på Ostereidet ber om at Lindås kommune prioriterer fornyng og opprusting av bana snarast og at dette vert innarbeidd i kommunen sine planar for 2016 og framover.

Då bana vart teken i bruk i 1975, var dette den første friidrettsbana i Lindås kommune. Bana har rundløpsbane på knappe 300m og sprintfelt på 120m med seks baner. Kastringar og hoppfelt er ein del av anlegget, der alle hopp- og kastøvingar no kan gjennomførast. Middelen av bana vert også brukt til ballspel m.m. Men etter at kunstgrasbana vart teken i bruk i 2001 har grusbana i minkande og no i liten grad vore nytta til fotball.

Heile grusbana vert nytta til trening, stemner og ulike andre aktivitetar kvar einaste veke heile året, med unnatak av ein kort periode vinterstid når forholda hindrar det. Idrettslaget brukar bana til trening og stemner for friidrett, men også til trening for ski og fotball. Både for barneskulen og ungdomsskulen på Ostereidet er bana eit viktig aktivitetsområde som vert mykje brukt gjennom heile skuleåret. Elevane brukar bana som vrimleområde og aktivitet i friminuttane både sommar og vinter. Også elevar frå barneskulane Kløvheim, Eikanger og Leiknes brukar til tider bana til gymnastikkaktivitetar i samband med at dei også nyttar symjebassenget.

Både frå idrettslaget og skulane si side er det sterkt ynske at bana vert rusta opp. Primært ynskjer vi at bana får fast dekke. Dagens grusbane fører til at det til tider vert drege mykje sand og rusk inn i skulelokala når elevar har nytta bana, anten det er i undervisningstimar eller friminutt. Sett frå skulane si side vil det vera eit viktig tiltak både for eit betre ute- og innemiljø ved skulane å få fast dekke på store delar av bana.

For å få framdrift av eit fornyingsprosjekt ber me om eit snarleg møte med representant(ar) for kommunen, der vi kan drøfta realistiske rammer for prosjektet. Vi er klare til å stilla på møte på kort varsel. Med tanke på at det kan vera greitt å få god oversikt over kva prosjektet

må omfatta, vil det vera bra om møtet kan haldast på Ostereidet. Då kan det takast ei synfaring samstundes. Men me stiller sjølvst på møte der det høver for kommunen.

Ostereidet 10. februar 2016

Venleg helsing



Robert Lorang Hansen  
leiar  
Eikanger idrettslag



Arne J. Risnes  
rektor  
Ostereidet ungdomskule



Torill Persson Solli  
rektor  
Ostereidet barneskule

**Kontaktpersonar:**

Eikanger idrettslag, Robert Lorang Hansen, Ørnnova 48, 5993 Ostereidet – mob. 955 22 070,  
e-post: [leiar.eikangeril@gmail.com](mailto:leiar.eikangeril@gmail.com)

For skulane:

Brynjar Nordanger, Ostereidet ungdomsskule, Eidavegen 574, 5993 Ostereidet –  
tlf. 56 37 50 56 – mob. 975 23 891

Kopi til:

Lindås idrettsråd